

NotatDato: 21.10.2016
Arkivsak: 2014/13625-14
Saksbehandlar: gunradd

Til: Hanne Kathrin Vie

Frå: Gunhild Raddum

Fråsegn til høyring av områdeplan for Vårheia, gnr.302, brn. 1, 2 m.fl. -Bergen kommune

Prosessen kring områdeplanen for Vårheia har vore prega av motstand og skepsis frå fleire hald. Hensikta med planen er å etablere 3400 bueiningar med tilhøyrande leikeområde, barnehage og skole. Området ligg opptil fire kilometer frå tog- og busstilbodet i Arna. Avstanden og høgdeforskjellane gjer at ferdsel til og frå Vårheia i stor grad vil vere bilbasert og ikkje bidra til å oppnå målet om nullvekst i biltrafikken. Dette vil vere i strid med både nasjonale og regionale og forventningane om at kommunane legger til rette for samordna areal- og transportplanlegging. Det kan visast til ein rekkje styringsdokument som vektlegger kompakte byer og tettstader for å betre vilkåra for miljøvennleg transport framfor privatbil. Bergen kommune forfektar og ein slik utvikling, mellom anna gjennom «*Kommuneplanens samfunnsdel: Bergen 2030*» og «*Grønn strategi for Bergen*».

Manglande kollektivdekning har vore ei kjent utfordring i fleire år, og i planen som no er lagt fram er det regulert inn kollektivløysingar for å betene området. Det betyr ikkje at det faktisk vil gå buss der i framtida. Hordaland fylkeskommune er ansvarleg for kollektivtransporten i heile fylket, og det inneberer at det må gjerast riktige prioriteringar for å få best mogleg utbytte av driftsmidlane. «*Kollektivstrategi for Hordaland*» har som viktig målsetting å gi best tilbod der det er størst passasjergrunnlag. Dette skjer ved å tilpasse kollektivtilbodet til dei store reisestraumane. Fortetting og konsentrert byutvikling er ein føresetnad for å utvikle eit godt og attraktivt kollektivtilbod, og det inneber at byutvikling og kollektivtrafikk må bygge om under kvarandre slik at nye bustadområder vert lagt langs eksisterande kollektivaksar og knutepunkt.